

Referat frå styremøte i Alver kulturråd

25.januar 2023 klokka 18:00, Strilabiblioteket

Frammøtte: Ivar Hopland (leiar), Mette Marei Træland, Laura Camilla Størseth, Raymond Solli, Kjersti Møllerup Wiik, Jegvan Kårbø, Anne Kolstad Morken, Johan Myking

Gjest: Eirik B. Utne (delar av møtet)

Innkalling og sakliste ved leiaren.

Sak 55-2022/2023 Godkjenning av innkalling, sakliste til dette møtet og referat frå siste møte.

Innkallinga, saklista og referat vart godkjend utan merknader.

Sak 56-2022/2023 Orientering om Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035

Leiar for kulturrådet og leiar for idrettsrådet har vore på møte med Eirik B. Utne tidlegare i januar.

Eirik B. Utne ga kulturrådet ein orientering om kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035

Frist for å komme med innspel er 7.februar

Planen kjem ut på høyring i midten av februar. Den skal då ligge ute i 6 veker.

Sak 57-2022/2023 Uttale til temaplan for kulturminne

Det vart kommentert at det berre var materiell kulturarv som var med. Ikkje immateriell kulturarv og klingande munnleg immateriell kulturarv.

Til dømes klinkbygde fartøy, som i 2021 vart tatt opp på UNESCOs liste

Immateriell kulturarv bør inn i referansegruppa.

Sak 58-2022/2023 Uttale til fordeling av midlar

Dei som sit i styret i søkjarorganisasjonar og dei som har skrevet søknader er inhabile i behandling av tildeling i sin kategori

Kulturstipend 2023 (Kjersti Møllerup Wiik - inhabil)

Kulturrådet støttar kommunedirektøren si tilråding

Kulturprosjekt 2023

Kulturrådet foreslår endring i kommunedirektøren si tilråding

Vedtatt ved fleirtal

Driftstilskot kultur - andre lag og organisasjonar 2023

Kulturrådet støttar kommunedirektøren si tilråding

Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg 2023 (Laura C Størseth - inhabil)
Kulturrådet støttar kommunedirektøren si tilråding

Driftstilskot kultur - kor, vaksenkorps og andre musikklag 2023 (Laura C Størseth - inhabil)
Kulturrådet foreslår endring i kommunedirektøren si tilråding
Vedtatt einstemmig

Driftstilskot kultur - skulekorps og barnekor 2023 (Laura C Størseth - inhabil)
Kulturrådet foreslår endring i kommunedirektøren si tilråding
Vedtatt einstemmig

Sak 59-2022/2023 Open ramme/ymse

- Medlemsmøte
Stad: Alternativ 1 Nordhordlandshallen, Alternativ 2 Meieriet. Ansvarleg - Mette
Gjestar: Bente Kopperdal Hervik (Kulturminneplan) og Per Ole Ekker (Tilskuddsportalen)
Kaffipause: Ja
Arbeidsgruppa jobbar vidare.
- Kulturhus
Brev til politiske miljø.
Sendes og til avisene.
Raymond ordner kart.

Møtet slutt om lag kl. 21.00.

Referent: Laura Camilla Størseth

28.01.2023